

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5953 AUSTRHEIM

Dato: 28.04.2014
Vår ref.: 2014/10847-35
Saksbehandlar: kjesigv
Dykkar ref.:

Avslag på søknad om økonomisk tilskot til lokale klima- og miljøtiltak: Austrheim kommune - Vassmiljøtiltak Åråsvågen

Vi viser til Dykkar søknad om tilskot til ovannemnde tiltak.

Vi må diverre melde avslag på søknaden. Vurdert i høve til øyremerking av midlar, andre prosjektsøknader og tilgjengelege midlar er vi kome til at vi ikkje kan medfinansiere prosjektet. Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Kjetil Sigvaldsen, som De kan kontakte på tlf. 55 37 80 11 eller e-post: Kjetil.Sigvaldsen@hfk.no

Klage / Innsyn i dokumenta:

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi vonar at prosjektet kan realiserast utan vår medverknad og ønskjer Dykk lukke til vidare!

Gudrun Mathisen
leiar

Kjetil Sigvaldsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

